Meland kommune

Helene Halland Anfinsen og Frode Anfinsen

| | | |
|---|---|---|
| Referanser: | Saksbehandlar: | 07.05.2015 |
| Dykkar: | Anngunn Marie Gullbrå | |
| Vår: 15/979 - 15/9151 | anngunn.gullbra@meland.kommune.no | |

# Utført feilretting i matrikkelkartet GBNR 5/132

De vert med dette underretta om at det er utført retting av plassering av gnr 5 bnr 132 i matrikkelkartet i samsvar med utsendt brev til dykk datert 30.03.2015.

Det kom ikkje inn merknad til varselet og rettinga er difor gjennomført i matrikkelkartet.

Fullstendig matrikkelbrev for gnr 5 bnr 132 vert sendt til eigarar av denne eigedommen. Naboeigedommar til eigedom som er retta får tilsendt utdrag av matrikkelbrevet- det som går direkte på grenseinformasjon. Eigar av 5/132 får tilsendt matrikkelbrev av sin eigedom.

Etter at saka var sendt ut fekk kommunen informasjon om at John Kåre Fløysand festar naustet som ligg vest for den retta naustetomta 5/132. Fløysand får difor kopi av dette brevet og matrikkelgrensene etter retting til orientering.

Ein gjer merksam på at gjennomført retting av matrikkelgrenser ikkje fører til endring av eigedommen eller endring av status til grensa, slik at den framleis har statusen «usikker» grense. Det er framleis skyldskiftet og merka i marka som er gjeld.

*I samsvar med matrikkelova §46 vert de informert om matrikkelføringa, og har høve til å klaga på den etter reglane i forvaltningslova kap IV-VI. Klagefristen er tre veker frå de mottek dette brevet.*

Med helsing

Anngunn Marie Gullbrå
fagansvarleg gis/geodata

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Helene Halland Anfinsen og Frode Anfinsen | | | |
| Inger Myrtvedt | Nipedalen 179 | 5164 | LAKSEVÅG |
| Olav Ryland Myrtvedt | Fløksand 91 | 5918 | FREKHAUG |
| John Kåre Fløysand | Rosslandsvegen 1072 | 5918 | FREKHAUG |